




Organisasjonsnr. 915 004 547.

06-May-2016

Oteråsen 13
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune
v. Øyvind Stang
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



Bokprosjektet "Poststader og poststempel frå Nordhordland 1855 - 2015"

Vi takkar for økonomisk støtte til prosjektet vårt, og vil med dette orientere om at vi diverre ligg 1 år etter den framdriftsplanen vi sette opp i søknaden vår.

Tilskota frå kommunane, og andre, vart mindre enn vi hadde håpa på. Men arbeidet med å fullføra boka har halde fram. Vi må difor bruke noko meir av eigne midlar, men reknar likevel med å unngå tap. Kostnadene med trykking og innbinding blir noko mindre enn kva vi tidlegare hadde kalkulert med.

Jan B Thorsheim, Olav Idsø og Audun Hanstveit har gjennom 5 – 6 år lagt ned ein stor, gratis arbeidsinnsats for å få boka ferdig.

Manuskriptet er no så godt som klart for trykking, og er på 544 sider i A4-format.

Boka blir lansert til hausten, truleg på Frimerkets Dag, 1. oktober 2016.

Knarvik, 02.05.2016.

For styret


Jan M Myklebust